



Bjørn Ove Lilleskare  
Skarsvegen 654  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/30 - 19/21542

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
03.07.2019

## Avslag på søknad om frådeling av kårbustad - gbnr 148/7 Litleskare

**Administrativt vedtak:** Saknr: 405/19

Heimelshavar:

Søklar:

Bjørn Ove Lilleskare

Søknadstype:

Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

### Saksutgreiing

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom på ca. 1500m<sup>2</sup> med etablert kårbustad (våningshus nr.2 på garden) frå gbnr 148/7. Våningshus nr.2 er det nyaste våningshuset og etablert på Skarsvegen 254 (sørvest for Fylkesvegen). Det eldste våningshuset (som er Sefrak registrert) er etablert på Skarsvegen 657.

Det vert elles vist til søknad mottatt 04.01.2019 og sist supplert 20.03.2019.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 20.03.2019 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-2 er 12 veker frå denne dato med tillegg av inntil 4 veker for uttale frå regionale mynde, den 20.06.2019.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen (KPA) 2011-2023 ligg i område definert som LNF-føremål (landbruk-natur og friluftsliv) med særskilt omsynssone Landbruk.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet.



I vedtak av 10.06.2019 er det gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom:

#### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom på ca. 1500m<sup>2</sup> med etablert kårustad (våningshus nr.2 på garden) frå gbnr 148/7.**

Kommunen sendte e-post til tiltakshavar den 10.06.2019 med følgjand orientering:

*Vi viser til søknad om oppretting av ny grunneigedom mottatt 04.01.2019. Det vart gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i vedtak, datert 10.06.2019. Då det ikkje er gjeve dispensasjon i saka, vert det gjeve avslag på søknaden om oppretting av ny grunneigedom.*

*Vi ber om tilbakemelding på om de ønskjer søknaden om oppretting av ny grunneigedom handsama slik den ligg føre eller om de vel å trekke søknaden.*

***Frist for å melde tilbake på om de ønskjer å trekke søknaden vert sett til 02.07.2019.***

Det er ikkje gjeve tilbakemelding innan fristen om søknaden om oppretting av ny grunneigedom vert trekt. Det er gjeve tilbakemelding frå tiltakshavar i e-post av 02.07.2019 at vedtaket om avslag på dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom vert påklaga.

#### **Konklusjon**

Deling av egedomen krev dispensasjon frå LNF-føremålet. Det er gjeve avslag på dispensasjon i vedtak av 10.06.2019. Då det ikkje er gitt dispensasjon, vert det gjeve avslag på søknaden om oppretting av ny grunneigedom. Søknaden er på denne bakgrunn ikkje vurdert etter (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

Kommunen gjev ikkje løyve til oppretting av ny grunneigedom frå gbnr 148/7.

#### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d vert det ikkje gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på ca. 1500m<sup>2</sup> med etablert kårustad (våningshus nr.2 på garden) frå gbnr 148/7.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Til orientering**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 19/30

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Bjørn Ove Lilleskare	Skarsvegen 654	5911	ALVERSUND
Jim Børge Lilleskare	Skarsvegen 657	5911	ALVERSUND

### **Mottakarar:**

Bjørn Ove Lilleskare	Skarsvegen 654	5911	ALVERSUND
Jim Børge Lilleskare	Skarsvegen 657	5911	ALVERSUND